

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO
Norge

Søknad sendast via teneste «midlertidig vannkraft» alltin
innlogging på nve.no

POSTADRESSE:
Statkraft Energi AS
Postboks 200 Lilleaker
0216 Oslo

BESØKSADRESSE
Lilleakerveien 6
0283 Oslo

SENTRALBORD
24 06 70 00

TELEFAKS:
24 06 70 01

INTERNETT
www.statkraft.no

E- POST:
post@statkraft.com
ORG. NR.: NO -987 059 729

DYKKAR REF./DATO:

/

VÅR REF.:

201500843-17

STAD/DATO:


, 27.02.2025

SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ MANØVRERINGSREGLEMENTET FOR KVILESTEIN SVATN

Kvilesteinsvatnet ligg i Vik kommune i Vestland fylke. Vatnet er demt opp av totalt tre fyllingsdammar. Tapping frå magasinet regulerast ved hjelp av eit tappeløp som går under hovuddammen, og som har utløp i Bjergane like nedanfor hovuddamen. I samband med å utføre revurdering etter «Forskrift om sikkerhet ved vassdragsanlegg (damsikkerhetsforskriften)» § 7-5 og «Veileder nr 1-2018. Revurdering av vassdragsanlegg» (NVE, 2018), er det nødvendig å fråvike frå krav i manøvreringsreglementet.

«Manøvreringsreglement for statsreguleringer i Arnafjordvassdraget m.v. med overføringer», fastsett ved kgl. res. 27. juni 1969, gir fylgjande vilkår til Statkraft si manøvrering av anlegget: «Tappeluke for Kvilesteinsvatn holdes stengt i tiden fra lavvannsperiodens slutt til vannstanden har nådd kote 918,5, dog ikke i noe tilfelle utover 1 oktober». I tillegg fastset manøvreringsreglementet reguleringsgrensene mellom øvre reguleringsgrense på kote 920,0 og nedre reguleringsgrense på kote 895,0.

Kartutsnitta på neste side viser plasseringa av Kvilesteinsvatnet, og relevante dammar, tunnelar og innsjøar som inngår i reguleringa rundt Kvilesteinsvatnet.



Etter § 7-5 i damsikkerheitsforskrifta, skal revurderinga omfatte alle anleggsdelar. Etter NVE sin rettleiar for revurdering av vassdragsanlegg, skal alle anleggsdelar som inngår i revurderinga som hovudregel inspiserast på luft- og vasside (NVE, 2018). For å få inspisert vassida (oppstraums side) til Kvilesteinsvatn hovuddam, samt kome til på oppstraums side av tappeventil, er det nødvendig å senke magasinet til ca. kote 885,0. Startår for revurdering er i utgangspunktet 2026. På grunn av ein spesielt snøfattig vinter, samt omfattande prosjektaktivitet i reguleringsanlegget frå 2027 som vil redusere fleksibiliteten mtp. nedtapping, vurderer Statkraft det som hensiktsmessig å tappe ned magasinet for revurderingsinspeksjon i 2025 i staden for 2026 eller 2027.

Førebels plan for inspeksjon er skissert i tabell under:

Ca. tidspunkt	Inspeksjon av	Nødvendig føresetnad for gjennomføring
Veke nr. 17	Oppstraums side av tappeventil	Magasinvasstand på luketerskel, kote 885,0. Det må vere minimalt med tilsig til magasinet, fordi alt tilsig må avleiast gjennom tappeventilen. Sikker tilkomst til ventilen fordrar tilnærma null vassføring gjennom tappeventilen. Dette betyr at inspeksjonen må gjennomførast <i>før</i> vårsmeltinga er i gang.
Veke nr. 21	Oppstraums side av hovuddam	Magasinvasstand ca. på kote 885,0. Tilnærma snøfri damskråning. Fordi inspeksjonen av tappeventilen må gjennomførast før vårsmeltinga, er det usannsynleg at dammen kan inspiserast samstundes som tappeventilen. Nødvendig tid mellom inspeksjon av tappeventil og inspeksjon av dammar er i hovudsak avhengig av snømengda og hastigheita på snøsmeltinga.
Innan veke nr. 25	Oppstraums side av sperredam 1 og 2	Magasinvasstand på maks kote 905,0 (gjeld berre sperredam 1). Tilnærma snøfri damskråningar (gjeld både sperredam 1 og sperredam 2). Dersom mogleg gjennomførast inspeksjonen samstundes som inspeksjon av hovuddam.

For å få senka vasstanden til kote 885,0, er det nødvendig å fråvike frå krav til lågaste regulerte vasstand (LRV). For å klare å halde vasstanden nede til det er mogleg å inspisere oppstraums side av dammane, er det også nødvendig å fråvike krav om at tappeluka haldast stengt i ein periode etter «lavvannsperiodens slutt», der 1. mai er praktisert som tidspunkt for «lavvannsperiodens slutt». Statkraft vil arbeide for å minimere tida magasinvasstanden blir liggjande under LRV, og vil seinast stenge tappeventilen straks nødvendige inspeksjonar av oppstraums side av dei tre fyllingsdammane er utført. Fordi vinteren per i dag har vore spesielt snøfattig, ventar Statkraft at oppstraums side av fyllingsdammane vil vere tilgjengeleg for inspeksjon på eit relativt tidleg tidspunkt. Dette vil forkorte tida der magasinet blir liggjande under LRV, samanlikna med gjennomføring av

tilsvarande inspeksjonsopplegg etter ein vinter med gjennomsnittlege snømengder. Det planleggast også for å kalke oppstraums damsider for å akselerere snøsmeltinga.

Statkraft Energi søker med dette om dispensasjon frå manøvreringsreglementet for reguleringar i Arnafjordvassdraget gitt ved kgl. res. 27. juni 1969, til å senke vasstanden under lågaste regulerede vasstand frå 07.04.2025 – 20.06.2025, samt å fråvike frå å stenge tappeventilen fram til 20.06.2025.

Vi vil understreke at vi vil arbeide for å minimere tida med vasstand under LRV og tapping ut av magasinet. Straks inspeksjon av tappeventil og hovuddam er gjennomført, vil vi stenge tappeventilen for at vasstanden raskast mogleg kjem over LRV att. Dette vil sannsynlegvis vere ein del tidlegare enn 20.06.2025, som er sluttdato for perioden vi søker dispensasjon for. Fordi alt tilsig til magasinet er naturleg tilsig, vil det vere snøsmelting og nedbør som bestemmer kor fort magasinet er tilbake over LRV att. Vassmengda frå snøsmelting og nedbør har stor usikkerheit, og difor søker vi om ein relativt lang periode med magasinvasstand under LRV. Det er også sannsynleg at vi vil halde tappeventilen stengt frå eit tidlegare tidspunkt enn 20.06.2025. Det er likevel ynskjeleg med noko slingringsmonn slik at vi er sikra å få gjennomført alle naudsynte inspeksjonar, og ikkje er avhengige av restriksjonar på magasinet grunna inspeksjonsbehov i dei påfølgjande åra.

Kvilesteinsvatnet er prøvefiska i fleire rundar og i 2011 vart pålegget om utsetting av fisk redusert frå 3000 til 2000 1-somrige aure. Prøvefiske i 2018 viste ei betring av kondisjon, men det blir vurdert om også dette er litt mykje. Senke vasstanden til 885 vil føre til at noko fisk slepp seg ned i vassdraget, men det vil framleis stå att fisk bakover i magasinet. Fiskeutsettinga vil hjelpe bestanden til å ta seg relativt raskt opp att. Statkraft vurderer effektane av å gå under LRV som små og mellombelse.

Vedlagt ligg magasinkurva for Kvilesteinsvatnet frå 2020-2025.

Håpar på snarleg sakshandsaming.

Med venleg helsing
for Statkraft Energi AS
Mari Langehaug

HRV: 920 LRV:895

Kvilesteinsvatn

